



Møteprotokoll for Alver formannskap

Møtedato: 03.04.2020
Møtestad: Teams
Møtetid: 12:00 - 17:10

Sakene vart handsama i denne rekkefølge: 32/20, 33/20, 34/20, 36/20, 39/20, vedtak 36/20, 37/20, 35/20 og 38/20

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordførar
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Øyvind Oddekalv	Ap gjekk under sak 39/20	Varaordførar
Nina Bognøy	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Morten Klementsens	FNB	Medlem
Terje Sletten-Hansen	FNB	Medlem
Maria Færø	FNB	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May-Irene Wergeland	SP	Nina Stabell Øvreås
Jostein Borlaug	AP fom sak 39/20 gjekk under meldingssaka 38/20	Øyvind Oddekalv

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Tanja Hoel-næringssjef, Terese Folgerø-kommuneoverlege, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

I tillegg møtte (sjå sak 32/20):

Roy Bø-FRP, Sveinung Toft-V og Toril Mongstad-R

Sakliste

Saknr	Titel
032/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
033/20	Godkjenning av møteprotokoll
034/20	Høringsinnspel NTP Vestland Fylkeskommune
035/20	Strilahandel, tildeling av midlar frå disposisjonsfondet
036/20	Forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19
037/20	Forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar
038/20	Melding/orientering til formannskapet 03.04.2020
039/20	Vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte - justering

032/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Alver formannskap 03.04.2020:

Handsaming:

Merknad: innkalling må sendast ut tidlegare.

Det vart sett opp ei ekstrasak 39/20 Vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte - justering

Dei parti som ikkje er representert i formannskapet er invitert til dette møtet og formannskapet innvilga talerett til Roy Bø-FRP, Toril Mongstad-R og Sveinung Toft-V.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

FO- 032/20 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

033/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver formannskap 03.04.2020:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøytes.

FO- 033/20 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

034/20: Høringsinnspel NTP Vestland Fylkeskommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune støtter Regionrådet Nordhordland sitt innspel til NTP 2022-2033 som framlagt

som vedlegg i saka.

Alver formannskap 03.04.2020:

Behandling:

Framlegg frå H, KRF, AP og SP ved A.Aa.Byrknes:

Alver kommune støtter regionrådet Nordhordland sitt innspel til NTP 2022-2033 som framlagt som vedlegg i saka med følgjande endring :

Kulepunkt 1 : E39 Eikefet- Romarheim (ny tunnel - rassikring)

T.Sletten-Hansen-FNB deltok ikkje under avrøysting i saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 034/20 Vedtak:

Alver kommune støtter Regionrådet Nordhordland sitt innspel til NTP 2022-2033 som framlagt som vedlegg i saka. med endring i Kulepunkt 1 : E39 Eikefet- Romarheim (ny tunnel - rassikring)

035/20: Strilahandel, tildeling av midlar frå disposisjonsfondet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen innstiller og tildeler kr. 80 000 til tiltaket Strilahandel. Midlene skal takast frå disposisjonsfondet.

Alver formannskap 03.04.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 035/20 Vedtak:

Aløver kommune tildeler kr. 80 000 til tiltaket Strilahandel. Midlene skal takast frå disposisjonsfondet.

036/20: Forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune vedtar forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19
- Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.

Alver formannskap 03.04.2020:

Handsaming:

Revidert forskrift vart sendt formannskapet i forkant av møtet.

Framlegg frå S.Sekkingstad-Sp:

Sendt ut i møtet, ny versjon: Forskrift om avgrensing av bruken av campingplassar, bubilcamping og båthamner i samband med Covid-19

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 036/20 Vedtak:

Alver kommune vedtar Forskrift om avgrensing av bruken av campingplassar, bubilcamping og båthamner i samband med Covid-19

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.

**037/20: Forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Alver kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Alver for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.
- Vedtaket gjeld frå 04.04.2020 og har ein varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d

Alver formannskap 03.04.2020:

Handsaming:

Framlegg frå T.Larsen-H:

Fjerne "fritidsbustad" fra vedtaket.

Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå .Sekkingstad –Sp:

Formannskapet ber kommuneoverlegen vurdere å forlengje vedtaket om nødvendig

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 037/20 Vedtak:

- Alver kommune vedtar at det er forbode med overnatting i campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Alver for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.
- Vedtaket gjeld frå 04.04.2020 og har ein varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d

Formannskapet ber kommuneoverlegen vurdere å forlengje vedtaket om nødvendig

038/20: Melding/orientering til formannskapet 03.04.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Alver formannskap 03.04.2020:

Handsaming:

- Situasjonen for lokalt næringsliv i samband med koronakrisen ved næringsjef Tanja Hoel

Framlegg frå S.Sekkingstad-SP

Formannskapet ber administrasjonen i dialog med næringslivet utrede kva moglegheiter Alver kommune har for å hjelpe lokalt næringsliv.

Framlegget vart samrøystes vedteke (M.I.Wergeland og J.Borlaug var ikke tilstades ver avrøysting i denne saka)

Tilleggsframlegg frå A.AA.Byrknes-KRF:

Videre så vil Alver kommune være med å utarbeide ein mulighetsanalyse i lag med næringslivet om vegen vidare.

Framlegget vart samrøystes vedteke (M.I.Wergeland og J.Borlaug var ikke tilstades ver avrøysting i denne saka)

Framlegg frå T.Larsen-H:

Det er viktig at kommunen tilrettelegger for aktivitet i næringslivet, blant annet ved å holde trykket oppe på investeringer, samt sørge for at plan- og byggesaker blir behandlet som vanlig.

Framlegget vart samrøystes vedteke (M.I.Wergeland og J.Borlaug var ikke tilstades ver avrøysting i denne saka)

- Status byvekst ved kommunalsjef Hogne Haugsdal
- Delegering av fullmakter ved rådmann Ørjan Raknes Forthun
- Koronasituasjonen i Alver kommune ved rådmann Ørjan Raknes Forthun

Rådmannen sitt framlegg var samrøystes vedteke.

FO- 038/20 Vedtak:

Situasjonen for lokalt næringsliv i samband med koronakrisen:

Formannskapet ber administrasjonen i dialog med næringslivet utrede kva moglegheiter Alver kommune har for å hjelpe lokalt næringsliv.

Videre så vil Alver kommune være med å utarbeide ein mulighetsanalyse i lag med næringslivet om vegen vidare.

Det er viktig at kommunen tilrettelegger for aktivitet i næringslivet, blant annet ved å holde trykket oppe på investeringer, samt sørge for at plan- og byggesaker blir behandlet som vanlig.

Meldinga er teke til orientering

039/20: Vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte - justering**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Målet med vedtaket er å førebyggje og avgrense smitte, beskytte sårbare grupper og oppretthalde nødvendig kapasitet i kommunen sine helsetenester.

Arrangement og samankomstar

Ingen skal gjennomføre arrangement og samankomstar – inntil vidare. Dette gjeld både private og kommunale arrangørar.

Lag og organisasjonar og organisert aktivitet

Ein skal ikkje gjennomføre organisert aktivitet både innandørs og utandørs der personar fysisk møtest.

Kommunale bygg og aktivitetar

Kommunen stoppar utleige av alle kommunale bygg og eigedomar og stenger idrettshallar og svømmehallar.

Kommunen avlyser i tillegg alle arrangement, all aktivitet og opplæring i regi av kulturskulen og stenger dei kommunale ungdomsklubbane.

Besøk til sårbare grupper

Besøk til personar på institusjonar, bufellesskap, omsorgsbustader og andre institusjonar blir avgrensa til det som er heilt nødvendig. Alle som kjem på besøk skal følgje gjeldande besøks

og hygienereglar på staden.

Økonomisk ansvar

Alver kommune tar ikkje økonomisk ansvar som kan følgje av tiltaka.

Vedtak etter smittevernlova

Vedtaket er heimla i smittevernlova § 1-5 og § 4-1 og gjeld frå og med 03. april 2020 til kommunen gjer nytt vedtak.

Alver formannskap 03.04.2020:

Handsaming:

Framlegg A.Hetlebakke-KRF:

Stryk punkt om lag og organisasjonar og organisert aktivitet

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg M.I.Wergeland – SP:

Alvorleg sjuke og døyande

Etter: "... avgrensa til det som er heilt nødvendig":

Alvorleg sjuke og døyande skal sikrast kontakt til pårørande der dette er ynskjeleg. Alle som kjem på besøk skal følgje gjeldande besøks- og hygienereglar på staden.

Framlegget vart samrøystes vedteke

Rådmannen sitt framlegg med vedtekne endringar vart samrøystes vedteke.

Tillegg frå S.Sekkingstad-SP:

Formannskapet ber administrasjonen gjennomgå "vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte", og vurdere heilskapen av vedtaket etter oppdaterte føringar frå nasjonale myndigheiter.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 039/20 Vedtak:

Målet med vedtaket er å førebyggje og avgrense smitte, beskytte sårbare grupper og oppretthalde nødvendig kapasitet i kommunen sine helsetenester.

Arrangement og samankomstar

Ingen skal gjennomføre arrangement og samankomstar – inntil vidare. Dette gjeld både private og kommunale arrangørar.

Kommunale bygg og aktivitetar

Kommunen stoppar utleige av alle kommunale bygg og eigedomar og stenger idrettshallar og svømmehallar.

Kommunen avlyser i tillegg alle arrangement, all aktivitet og opplæring i regi av kulturskulen og stenger dei kommunale ungdomsklubbane.

Besøk til sårbare grupper

Besøk til personar på institusjonar, bufellesskap, omsorgsbustader og andre institusjonar blir avgrensa til det som er heilt nødvendig. Alvorleg sjuke og døyande skal sikrast kontakt til pårørande der dette er ynskjeleg.

Alle som kjem på besøk skal følgje gjeldande besøks- og hygienereglar på staden

Økonomisk ansvar

Alver kommune tar ikkje økonomisk ansvar som kan følgje av tiltaka.

Vedtak etter smittevernlova

Vedtaket er heimla i smittevernlova § 1-5 og § 4-1 og gjeld frå og med 03. april 2020 til kommunen gjer nytt vedtak.

Formannskapet ber administrasjonen gjennomgå "vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte", og vurdere heilskapen av vedtaket etter oppdaterte føringar frå nasjonale myndigheiter.